



Helge Henanger  
Øvre Sagstad 110  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4548 - 18/12081

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
01.06.2018

## Framdrift på jordpåfylling og planering på Gbnr. 24/5

De fikk i administrativt vedtak saknr. 101/2015 delvis godkjenning av søknad om jordpåfylling og planering på Gbnr. 24/5 på Langeland. De fikk løyve til å ta i mot jord på felt 2 og 3, sjå vedlagt kart. Kommunen har motteke spørsmål om framdrift på området. De fikk i løyve datert 10.04.2015 frist til 01.10.2015. Fristen vart utvida etter søknad i administrativt vedtak sakn. 25/2016 til 01.08.2016, grunna utfordringar med lange nedbørs periodar.

Det var i 2017 innlevert ein framdriftsplan i 2017 på førespurnad frå Meland kommune. Det vart i denne opplyst at området kunn bli ferdigstilt på 60-70 dagar utan regn, og at område 2 og 3 skulle ferdig planert og tilsådd med frø innan utgangen av september 2017.

Meland kommune vil nå be om tilbakemelding på framdrifta på området og ber om ein avklaring på delar av enkelte moment.

### Betong/containere:

Kommunen har blitt gjort kjent med at det vert lagra betongelement i området, og vil minne om at desse ikkje skal nyttast i jordtippen. Dersom dette kunn er ei mellomlagring bør desse lagrast sikkert slik at dei ikkje rasar/gli ut. Vidare har det blitt plassert to containere inne på området.

### Uttransport av jord:

Det har komme meldingar om at jord og stein er kjørt vekk i frå området. Dette er ikkje i tråd med løyve som vart gitt i saknr. 101/2015. Det skal kunn takast i mot jord som skal nyttast på staden. Uttransport av stein som ikkje kan nyttast til påfyllinga er ikkje i strid med løyvet.

### Utfylling og volum:

Utfyllinga av jordmassar er gjeve på felt 2 og 3 og det skal ikkje fyllast jord utanfor det som er i tråd med kartet levert inn med søknaden. Dersom det er jordmassar utanfor desse felta skal denne trekkast tilbake, eller det skal søkjast om løyve etter plan- og bygningslova § 20-1 bokstav k (vesentleg terrenginngrep) jf. løyve gitt i saknr: 101/2015. Vidare er det tatt imot ein del massar i området, og kommunen vil ha tilbakemelding på kor mykje som er tatt imot i forhold til omsøkt og godkjent areal og påfyllingshøgde.

### Steinvegar:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Kommunen har registrert at det er fylt ein større mengde stein på dyrka marka som fungerer som vegar., desse er ikkje omsøkt. Dersom desse er midlertidig skal dei takast vekk.

Framdrift/ferdigstilling:

Kommunen ber om ein gjennomgang av attståande arbeid på området og ein plan for gjennomføring med endeleg frist for når området skal vere ferdig planert og tilsådd. Dette for å sikre at området vert ferdigstilt i samsvar med løyve gitt i saknr. 101/2015.

Kommunen ber om ein skrifteleg tilbakemelding **innan 29.06.2018.**

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Helge Henanger

Øvre Sagstad 110 5918

FREKHAUG